

106315

Gudbrandbleier 16.5.94

NYTT OM NAVN

Dovreskogen, og fekk gjennomslag for ei heilt ny fordeling av virke til skogeigarane. Jacob dreiv garden i 30 år, og sjølv om det var tronge kår, minnest han slitet som det sunnaste og finaste arbeidet ein kan ha.

Alt som sjuåring lærte Jacob å spela piano. Han gjekk i lære hos Gunhild Blekastad frå Gausdal. Mor hans sette stor pris på den store interessa for sang og musikk, og hausten 1916 kjøpte ho piano til Jacob. Frå 1966 til 1981 var han organist i Dovre. I 1969 stifta han det første jentekoret i Gudbrandsdalen. Han var med i Dovre Musikforening i 15 år, og han starta Eysteinkyrjekoret. Jacob følte organistjobben som eit kall, og han har berre gode minner frå dei åra han fekk vera med å skape liv i kyrkja.

Mykje kunne vore skrivi om den kunnskapsrike jubilanten på Dovre som har venner og kjente i heile Gudbrandsdalen. Han var ein av dei som la ned grunnsteinen for det som i dag er Hjerleid vidaregåande skule, og han er ein av dei som i dag meiner at det ikkje blir kjempa hardt nok for å behalde klassene på Hjerleid. Vigerust var ordførar på Dovre frå 1941 til våren 1945.